

Ludvig Korsøen
Hordnesvegen 80,
5244 Fana

RAPPORT FRÅ ARBEIDET MED JORDKJELLAREN PÅ KROSSØY, AUSTRHEIM KOMMUNE

Arbeidet med å setja i stand jordkjellaren på Krossøy tok til 11.08. og vart avslutta 05.09.14.

Eg viser til tilstandsvurdering og tiltaksplan datert 28.08.12 og til notat datert 29.08.12 om å nytta tiltaket som læringsarena og elles korrespondanse i saka.

Slik eg har forstått, vil du vil utarbeida ein fotodokumentasjon over arbeidsprosessen.

Generelt

Jordkjellaren har stått som ruin i lag tid, så lang at berre nokre få personar hugsar at han har vore i bruk og korleis han såg ut den gongen. Det ligg ikkje føre opplysningar om nøyaktig kva tid jordkjellaren vart reist eller av kven. Hovudtrekka i skadebildet var at topphellene var borte, nokre var øydelagde og andre tekne bort for skuld tryggleiken. Yttermurane i på framsida var betydeleg skadde, like eins inngangspartiet. Trass i dette var jordkjellaren rimeleg lett å tolka. Mesteparten av innerkonstruksjonen var heilt intakt og både inngangspartiet og yttermurane gav eit tydeleg bilde av heilskapen i konstruksjonen. Vurderinga av detaljane i restaureringsarbeidet har heile tida kunna stø seg på kjennskap til analoge konstruksjonar i næraste omkrins, t.d. jordkjellarar i Austrheim som underskrivne har sett i stand tidlegare. Målet med restaureringa var å få på plass ein fullt ut funksjonell jordkjellar som, om behovet skulle melda seg, kan brukast til lagring av matvarer. Det ville m.a. seia at arbeidet med isolasjon/tildekking måtte takast med det største alvor.

Kva er gjort?

Demontering. Yttermurane vart demonterte, steinen sortert og deponert ved anleggsstaden

Grunnarbeid. Det vart grave til fjell. Ein god del jordmassar vart gravne ut og deponert til gjenbruk. Jordkjellaren ligg i heller skrått terreng og fjellgrunnen var mykje godt sleberg. Somme stader fann ein små flater og hyller i fjellet til å leggja grunnsteinane på, men det vart også brukt handverktøy (piggsett og sleggje) til å laga flater. Såleis skal murkonstruksjonen no vera godt fundamentert.

Oppattmuring. Inngangsparti og yttermurar vart mura oppatt og tilbakeførte etter sine opphavlege mål og omriss. Steinen som var brukt til dette føremålet, vart tilbakeført, men ein god del ekstra stein vart samla frå garden og til dels henta frå nabøya. Det auka volumet har si årsak til yttermurane no er fundamenterte på fjell. Det var ikkje

tilfelle før, noko som må seiast å vera hovudårsaka til utglidinga. Bakmuren vart lagt som i vanleg murverk, men jord vart heile tida stampa med i bakfyllet etter kvart som muringa skreid fram, slik ein må forstå at arbeidet også opphavleg har vorte utført, ettersom fyllmassen bak murlivet var ei blanding av jord og stein.

Innermuren. Innermuren var utført som klassisk utkraga vestnorsk murverk. Utkraginga vart ført så langt opp att det var mogleg å lukka konstruksjonen med relativt store tversliggjande heller. Dei store hellene vart trappa opp innover mot senter i jordkjellaren der det vart sett igjen eit ope parti for ljoren. På tvers av denne «glipa» vart det så lagt mindre heller i trapp frå begge sider opp imot ljoren som så vart mura kvadratisk, ca. 30 x 30 cm, så høg at det vart plass for eit jord- og torvlag på ca. 25 – 30 cm. Denne murkransen utgjorde også underlag for ei dekkhelle som skal tetta att jordkjellaren når han ikkje er ventilert. Det vart heile tida lagt vinn å på at all stein, både murstein i utkraginga og hellene i taket, skulle liggja med uthall for skuld vatnet. Etter kvart som dei store tverrsliggjande hellene vart lagde ned, måtte utkragingsmuren førast opp til rett høgd. Såleis vart også ein del av denne auka i høgd og tilbakeført slik han må ha vore før takkonstruksjonen fall ut. Steinane i utkraginga vart, så langt råd, lagde på «rongo», slik at visen på steinen fylgjer den innvendige kvelvde forma på romet inne. Det at steinen vert lagd på rongo, er elles og eit nokså vanleg prinsipp som er brukte i innervegger i ytre strok. Det vil medverka til at vatn som (unntaksvis) måtte pipla inn gjennom muren, eller eventuell kondens, lettare skal finna vegen ut gjennom murverket att. Å leggja steinane med uthall er det tiltaket for å hindre vassinntrenging, men her valde eg også å leggja ut ein del bjørkenever mellom stein og jordoverdekkinga, slik eg har sett det gjort ein del stader, m.a. på jordkjellaren i Torvneset i Austrheim.

Overdekking av jord og torv. Her har vi lagt eit lag med på ca. 30 cm tjukne. Korleis slikt arbeid er utført tidlegare har vi ingen førelegg for. Eg har søkt inspirasjon frå den islandske metoden med å leggja torva som «murverk» eit stykke oppover frå underlaget i yttemuren og fylt i bakom med jord. I øvste delen la vi fyrst jord og så torver flatt oppå. Det gjekk formidable mengder med torv og jord med til dette, og det vart utført eit storarbeid med å skjera og transportera og sidan leggja torva på plass på All jorda som var teken ut ved demonteringa og grunnarbeidet, gjekk med.

Golvet inne. Golvet inne var dels ei flat fjellhulle, dels heller. Hellegolvet var delvis øydelagt av eit stort tre som hadde fått veksa inne i jordkjellaren. Det hadde også samla seg mykje finmassar som hindra dreneringa. Massane vart gravne ut, grunnen vart steinsett og det vart laga til ei steinsett veit ut gjennom inngangspartiet. Så vart det lagt heller tilbake i golvet.

Logistikk. Det var gjort eit solid arbeid av deg som prosjektansvarleg og dine hjelparar med å førebu restaureringa. Såleis var det på oppsida av jordkjellaren montert opp ei kran som var til stor hjelp ved transport av stein fram til staden og opp i murverket. Ein steinslede var også laga til for dette føremålet. Ei ganske stor mengd stein måtte også sankast inn og transporterast fram til arbeidsstaden, både store toppheller, noko stein til avslutninga av utkraginga og fyllstein. Ein del av steinen vart frakta med båt frå naboøyane.


Sluttord

Dette prosjektet har blitt vurdert som svært interessant som eit objekt for studium av den særmerkte byggjemåten ein finn i dei utkraga konstruksjonane i Vest-Noreg og også i stort tal på Vesterhavssøyane og andre stader. Såleis høvde det også svært godt som ein læringsarena. Jordkjellaren på Krossøy bar mellom anna vitnemål om korleis den utkraga innerkonstruksjonen, i overraskande grad, står seg mot særdeles kraftige pårøyningar. Dette har mykje å gjera med eigenskapane til sjølve byggjemåten, men nok også i at arbeidet med innerkonstruksjonen har vore utført med stort alvor og med stor fagleg innsikt. Dei ytre delane av jordkjellarane har vore meir utsette for tidas tann og ber kanskje meir preg av hurtig arbeid. Jordkjellaren på Krossøy baud såleis på eit framifrå høve til studium av byggjemåten og særleg tilhøvet mellom inner- og ytterkonstruksjon. På denne bakgrunnen har dette tiltaket vore ein sær viktig del at det pågåande forskings- og utviklingsarbeidet i regi av prosjektet Jordkjellarar i vest leidd av Museumssenteret i Hordaland. Som læringsarena, for alle partar, kan det ikkje overvurderast.

Det må også seiast at arbeidet på Krossøy var ramme for eit særdeles hyggeleg og inspirerande kulturberande læringsfellesskap der song, historieforteljing, museumsbesøk etc. inngjekk i heilskapen. For dei mange unge som var med, var det spesielt gjevande å jobba i tett kontakt med folk av ein eldre generasjon med stor arbeidserfaring. Ikkje minst var det forvitneleg å få vera med på transport av stein i båt, i ganske friskt ver, frå m.a. Langøyna til Krossøy, slik det har vore gjort til alle tider. Ganske spesielt bidrog det til eit godt læringsmiljø at du og kona di, Inger, gjorde prosjektet til nærmast ein kulinarisk fest, der sjølvrøykt vill-laks, varmrøykt sild (bøklings), kokt krabbe, vaflar, smørbrød, eplekake og lappar, saft av hyllebær etc. inngjekk i menyen.

Frekhaug, 08.10.14

Beste helsing



Haakon Aase

Vedlegg: 1